

Vellukka skannekveld, men ønskjer fleire Fjelly-bilete.

07.02.2017



Dag Hermansen var ein av dei som stilte med bilete.

Hyttestyret og medhjelparane deira i fotoregistreringa som pågår, var svært fornøgd med responsen på biletinnsamlinga då dei inviterte bileteigarar til skannekveld i Helgheimskjellaren onsdag frå kl.17 til 19.30. Målsetjinga for antal skanna bilete i løpet av kvelden vart passert då halve økta var gjennomført.



[Britt Iren Tjelle Østebø skannar Lars Myklebust sine bilete.](#)

Til no er det kome inn vel 150 Fjelly-bilete, likevel ønskjer dei fleire. Ikkje berre folk som bur i bygda, men også utflytta uskedelingar har respondert bra på tiltaket. Likevel trur dei ansvarlege at det framleis er gode bilete som ikkje er komne inn. Dei oppordrar framleis alle til å ta kontakt, og dei er interessert i bilete frå heile 100 årsperioden. Hans Ordin Østebø som er ein av dei ansvarlege for biletinnsamlinga, sa til uskedalen.no at dei hadde fått inn mykje bra, men det var framleis noko tynt frå 1940, 1950 og 1960-åra.

Hans Ordin stod for skanninga saman med kona Britt Iren Tjelle Østebø, og det gjekk for fullt med to skannarar. Kristian Bringedal hadde rolla som registrerande sekretær, og hyttestyret, Janne Yri, Mariann Hauso og Anette Sund, sytte for kaffi og noko godt å bita i for dei som var innom.

Bileta vert lagt inn i Uskedal ungdomslag sitt arkiv, og i tillegg skal eit utval brukast i ei biletbok i samband med 100 års-jubileet. Jubileumsfesten vert 20.mai og sikre rykte fortel om topp underhaldning både av tilreisande og lokale krefter. Derfor er det berre å setja av datoen!!

Dei som har bilete, kan ta kontakt med Hans Ordin Østebø eller dei tre damene i hyttestyret. Då vert dei glade!!



Ein måtte langt av garde når ein skulle henta ved på 1970-talet.(Foto: Leif Arne Døssland)  
Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.